

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Hilde Reitan,
Olav I. Mjelva, Tove Leinslie

Gudrun Folkedal – 2.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar. Ingrid Schei
Stuhaug – tilsettes representant, Olaug Furusæter og Jorun
Hagen under sak 13. Marit Vestrum var til stades under sak 3.

Under sak 13 hadde vi besøk av Stian Roland og Frode
Rolandsgard frå Valdres Folkemusikklag.

Tid: 9.februar 2016 kl.10-17

Stad: Schous

Referat

Styresak 2016/01 Innkalling og sakliste

Styresak 2016/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Førebels rekneskap 2015 (ettersendast om det er ferdig i tide)
- b) Driftsrapport per 30.januar 2016
- c) Folkelarm status (integritt i driftsrapport)

Styresak 2016/03 Årsmøte i områdelaga

Styresak 2016/04 Revidert instruks for styre, arbeidsutval og dagleg leiar, samt årshjul
for faste saker.

Styresak 2016/05 Oppnemning av heidersmedlem

Styresak 2016/06 Godkjenning av arbeidsplan for administrasjonen i FolkOrg 2016

Styresak 2016/07 Søknad frå LF 2016 om ny klasse på Landsfestivalen i
gammaldansmusikk

Styresak 2016/08 Instrumentutstillinga på Lanskappleiken

Styresak 2016/09 Retningsliner for dommarar på Lanskappleiken og Landsfestivalen i
gammaldansmusikk

Styresak 2016/10 Tevlingsplan for Lanskappleiken 2016

Styresak 2016/11 Kulturpolitisk plattform og kulturpolitiske prioriteringar for 2016

Styresak 2016/12 Revidert budsjett 2016

Styresak 2016/13 Styreweb – innføring av støttemedlemsskap og
familiemedlemsskap?

Styresak 2016/14 Eventuelt

Styresak 2016/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2016/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Førerebels rekneskap 2015

b) Driftsrapport per 30.januar 2016

- a. Rådgjeving/opplæring/service – oppsummering
 - i. Alle lokallag har no fått tilgang til Styreweb, og dei fleste har fått oppfølging per telefon.
 - ii. Vi har søkt og fått KOMP-midlar til kurshelga
 - iii. To nyhendebrev til laga
 - iv. Diverse rådgjeving eksternt
 - v. Delteke på årsmøte i Trøndelag folkemusikklag (30-årsjubileum) og Trøndelagskappleiken
 - vi. Svara på spørjeundersøking om Frifond, betalt ut Frifond, purra på rapportar.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
 - 1. Vidare arbeid med det nye påmeldingssystemet
 - 2. Spørjeundersøking om poenggjeving og rangering på LK og LF er sendt ut.
 - 3. Arbeidet med å skaffe dommarar er i gong
 - 4. Arbeid for å finne lokale arrangørar av LK 2017
 - 5. Følgt opp arrangørane av Fylkeskappleiken i Sogn og Fjordane
 - 6. Møte med politikarar og hovudnemnda i Vågå
 - ii. Folkelarm
 - 1. Etablert ei arbeidsgruppe for revidering av Folkelarmprisene
 - 2. Byrja planlegging av seminar
 - 3. Første møte i styringsgruppa
 - 4. Avtale med teknisk produsent og produsent
 - 5. Avtale med friviljugansvarleg
 - iii. Diverse anna
 - 1. Årets lokallag er lyst ut
 - 2. Planlegging av kurshelga godt i gong
 - 3. Møte med operaen om meisterkonsert.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk 1/2016 er levert til formgjevar, kjem ut i veke 9.
 - ii. Har fått produksjonsstønad til Folkemusikk frå kulturrådet
 - iii. Søkt midlar til eit spesialnummer om Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk, i høve at dei to arrangementa har jubileum i 2016. Det er og søkt midlar til ei fotoutstilling.

- iv. Spesialnummeret om norsk folkemusikk og folkedans i Amerika, selde godt i USA og Canada.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Sendt klage til Kulturrådet i høve driftstilskot saman med Norske konsertarrangørar, Norsk Jazzforum, Klassisk, Ny Musikk og Samspill
 - ii. Vi har fått møte med statssekretær Bård Folke Fredriksen saman med dei same organisasjonane, for å drøfta plassering av driftstilskot.
 - iii. Dagleg leiar har vore på toppleiarkonferanse i Frivillighet Norge.
 - iv. Seminar om Kulturalliansen
 - v. Møte med andre organisasjonar for å koordinere kulturpolitisk arbeid
 - vi. Arbeid med festivalundersøking.
- e. **Særskilde satsingar**
 - i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
 - 1. Vi har fått to nye medlemsfordelar; rabatt på Øvingshotellet og rekneskapssystemet Fiken.
 - ii. Folkedans
 - 1. Vi har hatt møte med Talent Norge, saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs Ungdomslag, for å finne ut om vi skal söke om tilskot til eit talentutviklingsprogram for folkedansarar.
 - iii. Formidling og informasjon
 - 1. INTROfolk: planlegging av lanseringsturné godt i gong, og turnéruta snart lagt. Vi har søkt prosjektstøtte frå Kulturrådet, FFUK og Fond for lyd og bilde, men ikkje har fått svar. Det er og gjort eit grunnarbeid på plateinnspeiling, men venter på svar frå dei same.
 - 2. Utøvarkatalogen: Vi har byrja å sjå på kva løysning vi skal velje.

c) Folkelarm status - sjå driftsrapport

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering.

Styresak 2016/03 Årsmøte i områdelaga

Vedtak:

Styret vedtok denne fordelinga på deltaking på årsmøte i områdelaga:

Områdelag	Når	Kven representerer FolkOrg?
Trøndelag folkemusikklag	5. febr. 18.30	Marit Vestrum og Linda Dyrnes

Sogn og Fjordane folkemusikklag	13. mars	Helene Myklemyr Bolstad
Buskerud folkemusikklag	5. mars	Vi spør Kjellbjørn Karsrud
Hedmark folkemusikklag	5. mars 12-13-tida	Camilla Granlien sjekkar om ho kan, alternativ spør vi Gro Marie Svidal
SAFFA	26. april	Thor Hauknes
Møre og Romsdal folkemusikklag	10. april	Vi spør Gro Marie Svidal eller Kjellbjørn Karsrud. Alternativ kan vere Ingrid S. Stuhaug.
Gudbrandsdal folkemusikklag	Juni?	Camilla Granlien alternativ Hilde Reitan.
Valdres folkemusikklag	30. mars 19.00	Hilde Reitan
Telemark folkemusikklag	27. april	Per Øyvind Tveiten
Hordaland folkemusikklag	15. mars 18:00/1830	Marit Vestrum, og Per Øyvind Tveiten, Helene Bolstad kan også.

Styresak 2016/04 Revidert instruks for styre, arbeidsutval og dagleg leiar, samt årshjul for faste saker.

Vedtak: Revidert instruks for styre, AU og dagleg leiar, samt årshjul for faste styre saker vart vedteke med nokre mindre språklege korrigeringar, samt at vi i årshjulet legg inn godkjenning av årsmelding i andre møte i året.

Styresak 2016/05 Oppnemning av heidersmedlem

Vedtak: Styret i FolkOrg oppnemnde nytt heidersmedlem, det vert kunngjort under Lanskappleiken 2016.

Styresak 2016/06 Godkjenning av arbeidsplan for administrasjonen i FolkOrg 2016

Vedtak: Styret vedtek framlegg til arbeidsplan for administrasjonen i FolkOrg

Styresak 2016/07 Søknad frå LF 2016 om ny klasse på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Vedtak: Styret innfører lagspel i toradar/trekkspel på Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Det skal ikkje vere krav om minimum tal på påmeldte lag. Det skal vere 4 dommarar, der ein skal ha særskild kompetanse på komp. I tevlingsreglementet vil det stå: ”I lagspel toradar- og trekkspellag skal toradar eller trekkspel vere berande instrument, med minimum fem personar på det berande instrument, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.”

Styresak 2016/08 Instrumentutstillinga på Lanskappleiken

Vedtak: Vi gjør ingen endringar i dommarskjema for instrumentutstilling. Men det er viktig at instrumentutstillinga får ein meir sentral og egna plassering og at den får meir merksemd.

Styresak 2016/09 Retningsliner for dommarar på Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Vedtak: Retningsliner for dommarar på Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk vert vedteke, men setninga om teiefråsegns strykast.

Styresak 2016/10 Tevlingsplan for Lanskappleiken 2016

Vedtak: Framlegg til tevlingsplan for Lanskappleiken 2016 vert vedteke med to merknader; dansen må vare lenger enn til kl. 0100, og klassane Super D og Lagspel senior må ikkje kollidere.

Styresak 2016/11 Kulturpolitisk plattform og kulturpolitiske prioriteringar for 2016

Vedtak: Framlegg til kulturpolitisk plattform og prioriteringar for 2016 vart vedteke med dei merknadane som kom fram i møtet. Dagleg leiar reviderer teksten ut frå saksframlegg og merknader og sender til styret for godkjenning

Styresak 2016/12 Revidert budsjett 2016

Vedtak: Prinsippa i framlegget til revidert budsjett for 2016 vart godkjent, men administrasjonen arbeider vidare med å budsjetttere prosjekta som ikkje var ferdige og får inn svar på søknad om tilskot, før styret godkjenner budsjettet endeleg i styremøte 2016/02. Vi ventar med å bruke pengar på utøvarkatalog fram til vi veit om vi får tilskot til INTROfolk-lansering.

Styresak 2016/13 Styreweb – innføring av støttemedlemsskap og familiemedlemsskap?

Vedtak:

Valdres folkemusikklag er uroa for nedgangen i tal på medlemmer og ønskjer å gjere noko med det. Dei får sjansen til å teste ut ein modell for familiemedlemsskap (der det er definert som å måtte vere familie i felles husstand, der ein er hovudmedlem og resten familiemedlemmar med redusert pris), og støttemedlemsskap. Dei får i oppdrag å rigge det i dialog med FolkOrg, og det må testas ut på eit lag til . Prøveperiode 2017 og 2018, sak på landsmøtet 2019. Målet er å få opp talet på medlemmer i FolkOrg og auke inntektene. Kva prisen på familiemedlemsskap og støttemedlemsskap skal vere, kjem vi nærmare tilbake til.

Styresak 2016/14 Eventuelt

- a) AU får saman med dagleg leiar i oppdrag å lage permisjonsreglement i FolkOrg.
- b) Camilla Granlien helsar frå Ellen Nordstoga som seier takk for merksemda i høve 75-årsdagen.
- c) Hilde Reitan var til stades på frivilligfesten etter Landsfestivalen i gammaldans i Lom , og helsa frå FolkOrg. Det var ein stor og vellukka fest.